

Eksamen

21.05.2019

INT3001 Interiørarbeid

Programområde: INTERIØR

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Vedlegg 1: Planteikning Vedlegg 2: Designikon Vedlegg 3: Møbelsymbol
Vedlegg som skal leverast inn	1: Møblert planteikning 2: Designikon
Informasjon om vurderinga	<p>I vurderinga blir det lagt vekt på</p> <ul style="list-style-type: none">- evne til å løyse innreiingsoppdraget på ein funksjonell og estetisk måte, med god plassutnytting og med utgangspunkt i ønska til kunden- evne til å grunngi val og bruke fagomgrep- evne til å vise kjennskap til berekraft, belysning og designikon- evne til å vise kjennskap til arbeidsoppgåvene til interiørkonsulenten
Andre opplysningar	Utstyr til bruk ved eksamen: skrivepapir, A4 teikneblokk, reduksjonslinjal, liten T-linjal, trykkblyant, filtpenn, limstift og saks.

Oppgåve 1

Ein kunde har bygd om einebustaden sin og vil no leige ut ei 1-romsleilegheit i underetasjen. Kunden ønskjer hjelp til å innreie denne vesle leilegheita slik at ho passar som bustad for ein student. Badet er allereie ferdig innreidd, men du skal plassere ei lita og funksjonell kjøkkenløysing i rommet. Du må ta omsyn til vatn og røyr.

- a. For at du skal kunne løyse innreiingsoppdraget så godt som mogleg, treng du ein del informasjon. Kva for fem spørsmål er det viktig å stille kunden (huseigaren)?
- b. Innrei leilegheita så ho passar for ein student. Bruk vedlegg 1, planteikninga, og vedlegg 3, møbelsymbol. Klipp ut møbelsymbol og lim dei på planteikninga.
- c. Med utgangspunkt i ønska til kunden, kva vil du foreslå når det gjeld stil, farger og materiale? Grunngi svaret ditt.
- d. Dersom kunden ønskjer innslag av naturmateriale i innreiinga, kva vil du da foreslå?
- e. Kva for omsyn må du ta for at kjøkkenet skal bli funksjonelt?
- f. Kva vil du foreslå for å gjere kjøkkenløysinga miljøvennleg/berekraftig?
- g. Gjer greie for ulike typar belysning som kan brukast i denne leilegheita.
- h. Kunden vurderer å bruke eit designikon i leilegheita, Vel eitt av bileta du ser på vedlegg nr. 2 (merk det biletet du vel), og svar på spørsmåla:
 - a. Kven har designa produktet?
 - b. I kva tiår blei det designa?
 - c. Frå kva land kjem designaren?
 - d. Skriv det du elles veit om produktet.

Oppgåve 2

Gjer greie for kva arbeidsoppgåver ein interiørkonsulent kan ha.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Vedlegg 1: Plantegning Vedlegg 2: Designikoner Vedlegg 3: Møbelsymboler
Vedlegg som skal leveres inn	1: Møblert plantegning 2: Designikoner
Informasjon om vurderingen	<p>I vurderingen blir det lagt vekt på</p> <ul style="list-style-type: none">- evne til å løse innredningsoppdraget på en funksjonell og estetisk måte, med god plassutnyttelse og med utgangspunkt i kundens ønsker- evne til å begrunne valg og bruke fagbegreper- evne til å vise kjennskap til bærekraft, belysning og designikoner- evne til å vise kjennskap til interiørkonsulentens arbeidsoppgaver
Andre opplysninger	Utstyr til bruk ved eksamen: skrivepapir, A4 tegneblokk, reduksjonslinjal, liten T-linjal, trykkblyant, filtpenn, limstift og saks.



Oppgave 1

En kunde har bygd om eneboligen sin og vil nå leie ut en 1-romsleilighet i underetasjen. Kunden ønsker hjelp til å innrede denne lille leiligheten slik at den passer som bolig for en student. Badet er allerede ferdig innredet, men du skal plassere en liten og funksjonell kjøkkenløsning i rommet. Du må ta hensyn til vann og rør.

- a. For at du skal kunne løse innredningsoppdraget så godt som mulig, trenger du en del informasjon. Hvilke fem spørsmål er det viktig å stille kunden (huseieren)?
- b. Innred leiligheten så den passer for en student. Benytt vedlegg 1, plantegningen, og vedlegg 3, møbelsymboler. Klipp ut møbelsymboler og lim dem på plantegningen.
- c. Med utgangspunkt i kundens ønsker, hva vil du foreslå når det gjelder stil, farger og materialer? Begrunn svaret ditt.
- d. Dersom kunden ønsker innslag av naturmaterialer i innredningen, hva vil du da foreslå?
- e. Hvilke hensyn må du ta for at kjøkkenet skal bli funksjonelt?
- f. Hva vil du foreslå for å gjøre kjøkkenløsningen miljøvennlig/bærekraftig?
- g. Gjør rede for forskjellige typer belysning som kan brukes i denne leiligheten.
- h. Kunden vurderer å benytte et designikon i leiligheten, Velg ett av bildene du ser på vedlegg nr. 2 (merk det bildet du velger), og svar på spørsmålene:
 - a. Hvem har designet produktet?
 - b. I hvilket tiår ble det designet?
 - c. Fra hvilket land kommer designeren?
 - d. Skriv det du ellers vet om produktet.

Oppgave 2

Gjør rede for hvilke arbeidsoppgaver en interiørkonsulent kan ha.



www.vigoiks.no/eksamen